

Styret i Arna Senioruniversitet 2026-2027

<i>Leiar</i>	<i>Kari Nygard</i> kari91664183@gmail.com	mobil: 916 64 183
<i>Nestleiar</i>	<i>Ivar Kalland</i> ikalland@online.no	mobil: 906 85 019
<i>Styremedlemer</i>	<i>Ingvild Vestrheim - sekretær</i> ingves50@gmail.com	mobil: 900 36 640
	<i>Svein Arve Skulstad – kasserar</i> sveinarve30@gmail.com	mobil: 924 24 650
	<i>Rune Mjelde</i> runemjelde@outlook.com	mobil: 481 15 842
<i>Varamedlemer</i>	<i>Elin Askeland</i> <i>Per Magnus Olstad</i> <i>Kjersti Vindheim</i>	

Du kan og sende e-post til: arna.senioruniversitet@outlook.com

Besøk gjerne heimesida: www.arna-senioruniversitet.no

Eller gå inn på Facebook-sida vår, klikk på «liker» og «følger».

Styret oppmodar medlemmene å koma med framlegg til emne og forelesarar til senioruniversitetet.

*Medlemsavgift i Arna Senioruniversitet pr i dag er
kr. 350,- pr. halvår,
som inkluderer forelesingar og servering.*

Forelesingane er opne for alle.


*For ikkje-medlemer kostar kvar forelesing kr. 150,-
VIPPS til #618937 er å føretrekkja.*

Kontonummer for medlemsavgift: 3624.28.73739

Arna Senioruniversitet

Hausten 2026

***Ein møteplass
for tanke
og trivnad!***



Program hausten 2026

Tysdag 25. august

Tema: Omsorg for personar med spesielle behov.

Forelesar: Olaug Nilsen

Møtestad: Ljoshall **Tid:** 11.00 - 13.00

Olaug Nilssen er ein norsk forfattar. Ho debuterte i 1998 med romanen «Innestengt i udyr» og arbeider som bokmeldar og forfattar av skjønnlitteratur og sakprosa. Ho var leiar for Skrivekunstakademiet i Hordaland frå 2008 til 2010. Olaug Nilssen er blitt kåra til ein av dei ti viktigaste unge forfattarane i Noreg, og ho har fått fleire prisar. Forfattarskapen hennar er allsidig og prega av humor. Olaug Nilssen har markert seg som ein forfattar med spesiell interesse for, og kompetanse på menneske med spesielle behov. Noko som kjem tydeleg fram i bøker som: «Tung tids tale» som ho fekk Brageprisen for i 2017 i klassen skjønnlitteratur for vaksne og «Yt etter evne, få etter behov» - for å nevne nokre.



Tysdag 15. september

Tema: "Jeg er fordi du er".

Forelesar: Irene Kinunda Afriyle

Møtestad: Ljoshall **Tid:** 11.00 - 13.00

Irene Kinunda Afriyle er ein forfattar og samfunnsdebattant. Ho jobbar som samfunnskontakt i Fargespill. Irene er født i Kongo, vokste opp på flukt og kom til Norge som 16-åring. I boka «Jeg er fordi du er» (2023) løftar ho fram eit flyktningeperspektiv i integreringsdebatten, utfordrar etablerte syn på identitetspolitikk og rettar eit kritisk blikk mot bistand. Ho er ein stolt bergensar, og har peikt på korleis det ofte kan vera lettare for innvandrarakar å bli akseptert som bergensar enn som norsk. Dette er blant temaene ho vil snakka om i foredraget sitt.



Tysdag 6. oktober

Tema: Eg håpar vi frys litt meir på badeturen neste år.

Forelesar: Nils Gunnar Kvamstø

Møtestad: Ljoshall **Tid:** 11.00 - 13.00

Nils Gunnar Kvamstø er no direktør ved Havforskningsinstituttet; tidlegare professor i meteorologi ved UiB. Han har i mange år arbeidd med spørsmål knytta til klima, hav og marin forskning. Foredraget gjev eit aktuelt og kunnskapsbasert perspektiv på klimautfordringane, formidla på ein måte som gjer komplekse samanhengar forståelege for eit breidt publikum.



Torsdag 22. oktober (NB! - ikkje tysdag)

Tema: Har eg rettstryggleik? Den klassesdelte rettsstaten.

Forelesar: Jørn Øyrehagen Sunde

Møtestad: Ljoshall **Tid:** 11.00 - 13.00

Foredraget handlar om kva rettstryggleik eigentleg betyr i praksis – ikkje berre som eit juridisk omgrep, men som ein grunnleggande verdi i samfunnet. I dag er det så kostbart å føra sak for domstolane at berre det offentlege, større bedrifter og dei ressurssterke har råd til det. Dette er den klassesdelte rettsstaten. Det er eit rettstryggleiksproblem, eit demokrati-problem, men også eit samfunnsproblem fordi det tek frå folk deira verdigheit. Jørn Øyrehagen Sunde er professor i rettshistorie i Oslo, han er jurist og rettshistorikar, fødd i Uskedalen i 1972, og bur på Vaksdal.



Tysdag 3. november

Tema: Korleis kan distrikts-Noreg overleve når landet blir verdas rikaste land?

Forelesar: Inge Halstensen

Møtestad: Ljoshall **Tid:** 11.00 - 13.00

Inge Halstensen er ein norsk fiskebåtreiar i Bekkjarkv i Austevoll. Han er utdanna cand.philol frå Universitetet i Bergen og har arbeidd som lektor før han i 1979 vart fiskar og overtok familien sitt reiarlag. Han har og hatt ei rekkje verv i fiskarane sine organisasjonar. Inge Halstensen ein svært god formidlar og engasjerer seg i arbeidet med å bevare kystkulturen/bygdekulturen, og han har gjort Bekkjarkv til ein stad det er godt å koma, både til sjøs og til lands.



Tysdag 1. desember

Tema: Julen i ord og toner.

Forelesar: Frode Skage Storheim

Møtestad: Ljoshall **Tid:** 11.00 - 13.00

Pianist og kulturformidlar Frode Skag Storheim (f. 1988) tar publikum med i eit underhaldande program, der tema er korleis jula kjem til uttrykk i musikk, tekstar og visuell kunst. Med innslag frå kunsthistoria, skråblikk, eigne dikt og ganske sikkert allsang, er publikum garantert ei gild stund i adventstida. Frode er også mellom anna programskribent for Harmonien, biograf og lektor ved musikklinja på Voss gymnas.

